

Saksbehandlar: Arvid Stenehjøm, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 14/3975-2

## **Sekretariat støtte for fylkesrådet for funksjonshemma**

Fylkesrådet for funksjonshemma er sterkt uroa over korleis rådet sine arbeidsoppgåver skal ivaretaast for framtida når vi ser mangfaldet av arbeidsoppgåver i den nye rådgjevarstillinga som er utlyst i sentraladministrasjonen med søknadsfrist 18.juni. Etter kva vi forstår er stillinga også tiltenkt kontaktfunksjon og sekretær for Fylkesrådet for funksjonshemma, som tidlegare hadde 50% stilling til dette arbeidet fram til 2013. I tillegg hadde denne personen også avsett 30% stilling til fylkesrådet for eldre.

Fylkesrådet for funksjonshemma treng aktiv sekretærstøtte for å kunne gjere eit godt arbeid for menneske med funksjonshemming. Med dei mange oppgåvene som ligg til den nye utlyste stillinga, er vi uroa for at saker som særleg gjeld funksjonshemma ,skal kome i bakgrunnen. Sjølv om ein tenkjer seg at alle etatane i fylkeskommunen skal sende over og greie ut saker som gjeld funksjonshemma, så har erfaringa siste året vore at det fungerer dårleg.

Vedlegg:  
Ingen

Andre dokument som ikkje ligg ved:  
Ingen

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Samandrag**

Til møtet i fylkesrådet for funksjonshemma den 17. juni 2014 vart det kunn lagt fram ei sak, skriv og meldingar. Under denne fana vart det lagt fram 7 meldesaker. Den første meldesaka om sekretariat for rådet valde rådet å løfte fram som ei eiga sak med eige vedtak. Meldesaka hadde slik ordlyd: Sekretærstøtta for arbeidet i fylkesrådet skal takast i vare. Støttefunksjonen vert ein del av oppgåveporteføljen til ein nyleg utlyst 100 % stilling. I tillegg vil organisasjonen sine sektorar vere ansvarleg for å fremje relevante saker for rådet.

### **2. Bakgrunn for saka**

Fylkesrådet for funksjonshemma har på line med fylkesrådet for funksjonshemma fått mellombels sekretærstøtte frå Frm-personal i vente på av ei meir permanent ordning. I administrasjonen vart det den 20.05. lyst ei stilling som rådgjevar der deler av arbeidsporteføljen skal vere sekretariatstøtte for fylkesråda. Søknadsfristen for denne stillinga er 15. juni 2014.

Sjølve utlysingsteksten er slik:

**I staben til fylkesrådmannen er det ledig stilling som rådgjevar**

Vi er ein aktiv utviklingsaktør som saman med kommunane, statlege etatar, næringslivet og organisasjonar arbeider med utviklingstiltak i heile fylket.

I staben til fylkesrådmannen er det 18 medarbeidarar som arbeider innan fagområda leiing, økonomistyring, informasjon, arbeidsgjevarpolitikk, juss, organisasjonsutvikling og sakshandsaming.

### **RÅDGJEVAR – fylkesrådmannen sin stab**

#### **Arbeidsoppgåver:**

- Utvikle og gjennomføre felles personalpolitikk for sentraladministrasjonen
- Koordinere arbeide med å rekruttere nye medarbeidarar i sentraladministrasjonen
- Organisere internopplæring i sentraladministrasjonen
- Sekretariatsstøtte til fylkesrådet for eldre og til fylkesrådet for funksjonshemma
- Sekretær for arbeidsmiljøutvalet for sentraladministrasjonen
- Internkontroll for helse- miljø og trygglei

#### **Vi søker etter ein person som:**

- Har høgare utdanning på bachelornivå innan økonomi/administrasjon, eller tilsvarande
- Anna dokumentert relevant realkompetanse kan erstatte utdanningskravet
- Har relevant praksis. Velkvalifiserte nyutdanna vil og bli vurderte
- Har god norsk framstillingsevne, munnleg og skriftleg
- Er utadvendt med gode samarbeidsegenskapar
- Kan arbeide sjølvstendig og systematisk
- Er engasjert i dei aktuelle fagområda
- Har stor arbeidskapasitet

## **4. Konklusjon**

Fylkesrådet formulerte sitt eige vedtak i møtet den 17. juni 2014 og bad om at dette vart løfta inn som ei ordiner sak for rådet.